



Haugen Vva AS  
Kanalveien 5  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 18/1524 - 18/15720

Saksbehandlar:  
Torbjørn Helgeland  
torbjorn.helgeland@osteroy.kommune.no

Dato:  
14.08.2018

## 135/11, 124 - Rundhovde - Søknad om løyve til tiltak - VVA-anlegg - vedtak

**Administrativt vedtak. Saknr: 207/18**

**Tiltakshavar:** Rønhovde Bygg og Anlegg AS  
**Ansvarleg søker:** Haugen Vva AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-2 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om bygging av veg, vass og avlaupsanlegg inklusivt system for overvatn i del av detaljregulering Rundhovde bustadområde på gnr. 135, bnr. 11 og 124.

Søknaden omfattar grunn- og terregnarbeid, leidningsnett, skjeringar og støttemurar, og interne vegar. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteke 06.07.2018 og supplert 10.07.2018.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 10.07.2018 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Tiltaket ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for detaljregulering Rundhovde bustadområde, planid 2015005 er definert som vegareal.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre slik merknad frå eigar av gbnr. 135/5 ved e-post av 29.06.2018:

*"Vi viser til mottatt nabovarsel. Vi forutset at anlegget respektere eigedomsgrensa mot vår eigedom. Det er ikkje tilstrekkeleg målestokk i teikningar som tillet å kontrollere at tillatt avstand blir respektert, vi forutset at så skjer."*

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknad ved notat datert 06.07.2018. Ansvarleg søker opplyser at:

*"Veg og VA-anlegg i bustadfeltet skal byggjast i høve til godkjent reguleringsplan. Byggetrinngsgrensa er satt før eigedom 135/5. Anlegget det blir søkt om skal byggjast innanfor eigedomsgrensa til gnr. 135 bnr. 11 og 24. Veg blir avslutta meir enn 4m frå eigedomsgrensa mot 135/5. Det skal derfor ikkje utførast arbeid på eigedom 135/5. Eigedomsgrensa vert respektert. Utsendte teikningar var i målestokk 1:1000 (A3)."*

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 22.06.2018 teikning nr. B80 og GH80.

Tiltaket er plassert i samsvar med utarbeidd reguleringsplan.

## **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomane skal sikrast med lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og offentleg avlaup.

## **Tilkomst, avkørsle og parkering**

Eigedomane skal vere sikra lovleg tilkomst til offentlig i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkørsle til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

## **Terrenghandsaming**

Situasjonsplan viser plassering av kommunaltekniske anlegg.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terregn, og plassering i høve terregn.

## **Massehandsaming**

Det er opplyst at det er berekna eit overskot av steinmassar for utsprenging på vegar og grøfter.

Sprengsteinsmassar skal nyttast til sprengsteinsfylling og oppbygging av vegar. Sprengstein vil verta knust på staden og brukt i vegoppbygginga. Jordmassar frå avgraving skal nyttast til planering av vegfyllingar/jordskråningar.

## **Renovasjonssystem**

BIR har gjeve uttale til avfallsløysing i brev av 19.04.2018.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Kommunen har motteke geologisk/bergteknisk rapport datert 07.07.2018. Det vert vidare synt til planskildringa for reguleringsplanen vedrørande flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve.

Kommunen legg desse vurderingane til grunn for vedtaket.

Rådmannen peikar vidare på at skjeringar må sikrast i samsvar med konklusjonane i geologisk/bergteknisk rapport utarbeidd over planområdet av 07.07.2018.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Massehandsaming**

Avlevering av eventuelle overskotsmassar må skje til godkjent mottak.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Sanitære tilkoplingar**

Det må søkjast om tilkopling til offentlege VA- leidningar for det nye VA- anlegget.

### **Privatrettslege tilhøve**

Kommunen tek ikkje stilling til privatrettslege tilhøve, men legg til grunn at tiltakshavar har dei privatrettslege rettane tiltaket føreset, jf. plan- og bygningslova § 21-6.

### **Nabomerknad**

Kommunen syner til dialog mellom nabo og ansvarleg søker og vurderer at motteken nabomerknad vert løyst av partane.

Ansvarleg søker har i notat av 06.07.2018 opplyst at arbeidet skal utførast vert avslutta minimum 4 meter frå nabogrensa, jf. plan- og bygningslova § 29-4.

Kommunen legg opplysningane til grunn og vurderer at nabomerknadene ikkje treng vurderast nærmare.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Ansvar**

Ved tiltak etter plan- og bygningslova § 20-3 pliktar tiltakshavar å vidareføre sitt ansvar til ansvarlege føretak, jf. plan- og bygningslova § 23-1, 3. ledd, 1. punktum.

Kommunen vurderer at tiltaket ikkje er tilstrekkeleg dekka med ansvar, jf. plan- og bygningslova § 23-1, 4. ledd, og krev ytterlegare ansvarlege føretak:

Rolle	Ansvarsområde
PRO	Oppmålingsteknisk prosjektering
UTF	Innmåling og utstikking av tiltak

SØK = ansvarleg søker, PRO = prosjektering av, UTF = utføring av,

#### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### Rådmannen sitt vedtak:

**"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løye til tiltak for bygging av kommunaltekniske anlegg på gnr. 135 bnr. 11 og 124 på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplanar datert 22.06.2018 teikning nr. B80 og GH80 med maksimum feilgrense 0,5 meter med heimel i plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.
2. Eventuelle overskotsmassar må leverast til godkjent mottak.
3. Tiltaket skal knytast til kommunale vass- og avlaupsleidningar, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
4. Det må søkjast om tilknyting av anlegget til offentleg VA- leidningar.
5. Ved ferdigstilling må det føreliggje godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg.
6. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal vere oppfylt.
7. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.
8. Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg dekka med ansvar, jf. plan- og bygningslova § 23-1, 4. ledd. Før tiltaket tek til må det sendast inn erklæring om ansvarsrett for oppmålingsteknisk prosjektering og erklæring om ansvarsrett for utføring av innmåling og utstikking av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 23-3, 2. ledd."

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## Til orientering

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1524.

## Ansvaret

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## Mellombels bruksløyve/ferdigattest

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum kr.
10.2.6	Kommunalteknisk anlegg	1	10.600,-
10.2.6	Fast tillegg kr. 10,- pr. løpemeter	535 meter	5.350,-
<b>Totalt gebyr å betala</b>			<b>15.950,-</b>

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					15.950,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

**Klage**

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Hege Eeg  
konstituert leiar teknisk forvaltning

Torbjørn Helgeland  
fagansvarleg byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Brann-redning tilsyn  
Hallvard Martin Reigstad

Hamrenesvegen 76

5281

VALESTRANDSFOSSEN

**Mottakarar:**

Haugen Vva AS  
Rønhovde Bygg og Anlegg AS

Kanalveien 5

5068

BERGEN  
VALESTRANDSFOSSEN